

ÆRESMEDLEM – FØRDE IL



NIKOLAI SCHEI

1971

Nikolai Andreas Schei (1901 – 1985) var grunnleggar og første formann i "Førde Sports og Idrettsforening". Nikolai var berre 18 år på skipingsmøtet den 04.01.1920.

Nikolai Schei var sjølv turnar, og leia også den første turngruppa som hadde si første framsyning på 17. mai 1921. Treningane gjekk føre seg i andre etasje på den gamle barneskulen. Han var også interessert i langrenn og skihopp. Hoppbakken i Kalsetdalen var det første anlegget i laget, og der låg det også ei varmebu.

Lensmannssonen Nikolai Schei gav seg som formann etter 3 år, og er nok i ettertid mest kjent som jurist, dekorert krigshelt og høgt akta embedsmann. Han var mellom anna sjef for provianterings- og rasjonaliseringsdirektoratet under krigsåra, dette samstundes med at han var med i leiinga for Heimefronten. Etter frigjeringa vart han først rådmann for Forsynings- og gjenreisingsdepartementet før han i september 1945 vart utnemnd til fylkesmann i Sogn og Fjordane, eit embete han hadde til han gjekk av med pensjon i 1971. Under denne perioden leia han også «Schei-kommisjonen» i perioden 1946 – 1962, som mellom anna resulterte i at antall kommunar vart redusert frå 747 til 454.

Nikolai Schei vart utnemnd til æresmedlem i Førde IL i høve hans 70-års markering i 1971.